

ALVRSUND TRYKKEKASSE

Til brudeparet Solli!

På brudlaupsdagen, laurdag den 28/7. 1951.

Tone: den nye stevtonen.
Når slik de sitja her kringom bordet,
eg föler trang til å "gripa ordet",
og helsa Dykk med ein liten song - .
/: Det vert vel fyrste og siste gong. :/

Skal magen greida slik mat fordöya,
og ikkje slita med bal og möya,
må han få smaka ein liten spök
/: til "attpåmat" attpå kjøt og lök. :/

I Eldorado me sleit i saman,
med mykje arbeid og lite gaman.
Men du Nathalie var no greid:
/: Det var kje jamt at eg såg deg leid ! :/

Om heile dagen du sprang og traska
og vog på kjøt, eller golv du vaska,
det gjekk so lett som ein kniv i smör,
/: for alltid var du i godt humör. :/

"Kva var vel grunnen?" eg stundom tenkte,
til eg på handi såg ringen blenkte - .
Då eit "starinljös" gjekk opp for meg:
/: "Å hei, å hå, du skal gifta deg !" :/

Det vart vel erting. So plent eg vilde
få vera med i ditt brudlaupsgilde.
Eg var so frekk at eg bad meg sjöl,
/: Du svara ikkje, men gav deg töl. :/

Til her om dagen her vart eit vende - - .
Då noko uventa stort meg hende:
Tenk: skriven ned på papir - med blökk -
/: den venta innbjuding då eg fekk. :/

So lenge hadde eg spöken drive,
til de laut senda innbjudingsskrive - - .
Eg lyt nok svara: "O ve og akk !"
/: Men vil dykk segja mi hjartans takk ! :/

Farvel Nathalie ! Og til lukka !
So mang ei rosa du vil få plukka,
som fær slik praktig ein lensmannskar,
/: og no vert kona, med "jor å gar". :/

Til lukka Gerhard ! Eg trur og vona
du får ei kjærleg og dyktig kona.
Lat maten smaka ! Ver like bli
/: om han ein hende gong skulde svi. :/

Til lukka med högtidsdagen og framtidi! Ynskjer

Bjarne J. Rydland, Seim.